

## «Draumen om eit hjelpekorps» - Askvoll Røde Kors 2021



2021 har, trass i eit vanskeleg utgangspunkt, vore eit **eventyr** for Askvoll Røde Kors. Godt samarbeid med smittevernlegen resulterte i at vi fekk 44 frivillige i gong med «Startkurset» i månadsskiftet januar/februar. Så gjekk det slag i slag med 30 deltakarar på «Dette er Røde Kors hjelpekorps» i mars, og 24 på «Kvalifisert samband» i april. Våren vart toppa med «Kvalifisert førstehjelp» og 24 frivillige som bestod hjelpekorpsprøven.

I haust har ytterlegare 13 frivillige vore med på det siste kurset «Kvalifisert søk og redning».

### **No har vi eit operativt hjelpekorps i Askvoll!**

Nokre av hjelpekorpsarane har alt vore med på aksjonar på Jølster, i Askvoll og Hyllestad. Takka går først og fremst til dei nye frivillige, men også til eit uthaldande og tolmodig styre i Askvoll Røde Kors, solid administrasjon i Sogn og Fjordane Røde Kors, og dessutan særers dyktige kurshaldarar.

## **Bygging av ein sterkare, endringsvillig beredskapsorganisasjon**

For omsorgstenesta stod mykje på vent i januar 2021, men frivillige røde korsarar har vore aktive som ringevenn, eldre og sårbare har fått hjelp med å handle, og andre igjen har fått hjelp til snørydding og strøing. Taxisykkelen har vore i sving, og det fine veret i sommar gjorde at mange har nytta dei fine hagestolane vi kjøpte til Omsorgssenteret. Ein stor sum gjekk til leikeapparat i Bøparken, og det er ei stor glede å sjå aktiviteten blant små og store.

Sosial kontakt, inkludering og støtte er eit av våre oppdrag, og kvar veke fram mot jul var det aktivitet på Askvoll Omsorgssenter med song, musikk og hyggelege samkome. Takkar for godt samarbeid med tilsette på Askvollheimen og Nærmiljøsentralen.



Askvoll Røde Kors har nytta koronatida godt. Mange frivillige har kursa seg, og nokre av oss har vore med i kommunen sitt smittesporingsteam og hjelpt til som vaksinasjonsvakt. Tilsette i skule og barnehage på Atløy har fått førstehjelpskurs med hjarte-lungeredning, og i Kvammen vart hjarte- og lungeredning med hjartestartar gjennomført for Nordre Askvoll Helselag.

Vi ligg heller ikkje på latsida når det gjeld engasjement i nærmiljøet og planarbeidet i Askvoll Kommune. Vi er med i prosessen «Leve heile livet» - ein ny plan for eldre, handlingsplanen for sjølvmoordsførebygging og frivilligpolitisk plan.

I oktober var vi med å opne Møteplassen, eit sosialt treffpunkt der du mellom anna kan få hjelp til data, mobil eller nettbrett – alt over ein god kaffikopp. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Pensjonistlaget og Nærmiljøsentralen.

All vår aktivitet vert til med støtte frå medlemsskapet ditt. **Du** gjer dette mogleg.

Dei siste åra har Askvoll Røde Kors hatt fokus på rekruttering, og som eit resultat har vi opplevd ein flott vekst. Den vil vi gjerne vidareføre og vi håpar du vert med oss i 2022!

Beste helsing,  
Askvoll Røde Kors, Vigdis Løberg, leiar

[www.facebook.com/askvollrodekors/](https://www.facebook.com/askvollrodekors/)